



Bokn kommune

Seksjon kultur, skule og barnehage

Bokn 30.10.24

Foreldre representantar:	Liv Johanne Hettervik og Elin Våge
Tilsette representantar:	Cecilie Odland og Tone Børgesen
Kommune/Eigar representant:	Rannveig Øvrebø
Eigar representant:	Kate Åse Helgø

Kopi:	Ordførar	Egil Våge
	Rådmann	Ingeborg Skjølingstad
	Kommunalsjef	Åse Bratthammer

Referat frå samarbeidsutval 24.10.24

SAKER:

Sak 21/2024 Stenge barnehagen 1-2 veker i juli grunna barnas best og tilsette si ferieavvikling.

Foreldre representantar har fått mykje tilbakemelding på at det ikkje er ønskeleg å stenge i barnehagen.

Hjå tilsette er det og delte meningar, det same hjå SU.

Frå administrasjonen er det ynskjeleg å stenge fortrinnsvis 2 veker.

Administrasjonen ynskjer å gjere den 4. ferieveka for borna meir fleksibel slik at foreldre kan dela den i to, med 2+3 dagar til ulik tid på året.

For å få dette til må vedtektene til Barnehagen endrast og takast opp i SU og formannskap.

Det vert vanskeleg å få det til i 2025. Me lagar ein prosess og legg fram eit forslag hausten 2025, for eventuell gjennomføring 2026.

Styrar gjekk gjennom gjennomsnitt tal frå juli (2024, 2023, 2022 og 2021) og forslag til sommarstengt.

Gjennomsnitt	2024	2023	2022	2021
Uke: 29	11,8	2,8	4,0	7,2
Uke: 30	10,0	3,4	8,4	10,4

Kommunalsjef: Åse Bratthammer
Tlf: 52 75 25 50 / 958 39 162
Servicetorg: 52752510

Bokn barnehage: styrar, Kate Åse Helgø
Tlf.: 48254428
E- post: kathel@bokn.kommune.no
Postadresse: Boknatunveien 31, 5561 Bokn

Sak 27/2024 Mat/budsjett bør en auke kosten? Med hensyn til sunn og variert kost.

Styrer:

I følge økonomi avdelinga var det ikkje behov for å auke kost pengar (frukt og mat). Pr. nå betaler foreldra i kost kr 379,- /månaden. Til nyttår vil indeksen være på 4,1%.

Da må matpengane stige til kr 394,- Dette vert indeksregulert kvart år.

På sjukeheimen så har de auka kokke ressursen. Det var meninga at barnehagen kunne få varmmrett nokre dagar. Styrar tar kontakt med sjukeheimen. Ønsker litt varmmrett. Dette vert ordna frå januar 2025.

Foreldre ønsker at personale tar bilde av måltid.

[Anbefalinger for mat og måltider i barnehagen - Helsedirektoratet](#)

Det vil vere mykje meir kvalitet øve mattilbodet hadde barnehagen hatt ein kjøkkenassistent. Nokre dagar i uka/timar.

Det har vore dårleg score på mattilbod (foreldreundersøkinga) 2,9 (2018), 2,8 (2020) og 2,3 (2022).

Sak 28/2024 Overgang: Førskulebarn frå barnehage- skule. Er det noko ynskjer frå SU?

Det er laga ny plan i samarbeid mellom barnehage og skule. Denne vart informert om.



Plan for overgang
barnehage skule pr

Sak 29/2024 Budsjett 2025/vikarbruk/informasjonsflyt til føresette.

Kommunalsjef legger frem for politikare:

Det er i budsjettet lagt inn forslag om å auka grunnbemanning med 1 stilling. Det er lagt inn auke i vikarbudsjettet.

Ønske om El- buss (barnevogn) er lagt fram til politikare.

Investeringsbudsjett – langtidsplan

På eit tidspunkt så ser administrasjonen at barnehagen må totalrenoverast, i økonomiplanen er dett lagt inn som forslag.

Sak 30/2024 Bruk av vikar

Det er rutiner på bruk av vikarar. I haust hadde me ein svært særskilt periode på 14 dagar der plutsleg mange var sjuke samstundes. Det er minst 10 år sidan sist. Dette førte til at alle rutinane ikkje var mogleg å følgje og det var mykje ekstra vikarar. Dei fast tilsette stod støtt og gjorde ien svært god ekstra innsats. Det kom opp ein del spørsmål frå foreldre.

Kva ynskjer foreldra å vite i forhold til vikarbruk?

Vil dykk vite kven som skal være vikar eller er det bare ein opplysning?

Kor ofte ynskjer dykk info. dersom vi har vikar?

Er det dagleg eller er det v/langvarige sjukemeldingar?

Foreldra:

Ynskjer informasjon ved langvarig sjukemelding og vikar dersom utover fleire dagar.

- Barnehagen kan sende ut en felles melding til foreldra ang. vikar i Bokn barnehage.
- Det er ikkje så enkelt å sei kva avdeling vikaren blir satt inn for dagen på grunn av det kan være fleire tilsette som blir sjuke i løpet av dagen.
- Da må vi omorganisere igjen for at det ikkje skal gå 2-3 vikarar på same avdeling
- Det er mogleg å lage ein bildebank og henge opp bilete i garderobe dagleg om kven som er i avdelinga.

Eventuelt

Brucarundersøking /føresette kan svare fom 06.01.25 tom 30.01.25.

Det er rutinar for avvik - Compilo-system.

Vernerunde tas kvart år. Styrar innkallar inn til vernerunde.

Kate Åse Helgø, 30.10.24
-styrar-